

Riskaspelet for siste gong?

Dei 17 amatøraktørane fekk fortent ståande og langvarig applaus i solskinnet på Hommersåk laurdag, men Riskaspelet går ei usikker framtid i møte. Kanskje var dette siste gongen.



Egil
Ø. Nærland
tekst og foto

SANDNES 150 ÅR

HOMMERSÅK: – Ja, det vert i alle fall ikkje noko spel i 2011, fortel ein letta og glad, men også sliten opphavsmann og skribent Hjalmar Arnø til Aftenbladet.

Skodespelet er akkurat framført på den opne plassen framføre Bryggen senter i Riskavågen.

Over 500 skodelystne hadde rigga seg sitjande på asfalten, i medteken stol eller ståande.

I om lag halvannen time fekk dei gjennomleva historia frå slutten av 900-talet då Olav Tryggvasson var konge i Norge og skulle kristna landet, sjølv sagt også Riska. Store og små sat fjetra, rikka seg ikkje og fekk med kvart einaste ord.

DYKTIGE AMATØRRAR: Amatørskodespelarane varierte naturleg nok noko i prestasjonane, men dei fleste var kraftfulle, spelte seg ut og fekk publikum med.

Folk levde seg inn i historia, og det vart meir enn dramatisk då Helge frå Frøyland vart skulda for å ha stole ein rik ring på garden Horgstad.

Særs komplisert var dette då Helge hadde eit løynd forhold til Astrid, dotter av storbonden Sigurd og kona Gunhild på Horgstad.

Sigurd og Torvald frå Riska hadde avtalt at Astrid skulle gifta seg med Håkon, sonen til Torvald. Det var ikkje Astrid særleg glad for.

STORGARDEN HORGSTAD: Utgangspunktet for heile skodespelet er storgarden på Horgstad, i dag mest kjend som Hogstad med komposteringsanlegget til Ivar.

På 900-talet var Horgstad eit økonomisk kraftsenter i regionen, og den meir enn over gjennomsnittet historieinteresserte inspektøren ved Riska ungdoms-



KOR VERT DU AV, HELGE? Helge frå Frøyland er skulda for å ha teke ein ring på storgarden Horgstad. Her ventar dei på han, Halald frå Frøyland (Terje Børsheim) nærast, Emla (Torhild Rypestøl) søster til Gunhild, deretter Gunhild (Björg Aadnøy Johnsen), kona på Horgstad-garden og dottera, Astrid (Hanne Botnehagen), som så gjerne vil gifta seg med Helge.

Me hadde ein femårsplan og har gjennomført. Akkurat nå kan eg ikkje sjå føre meg at me skal gå i gang att.

Hjalmar Arnø,
forfatter av Riskaspelet

skule, Hjalmar Arnø, har skrive skodespelet slik han trur det kunne ha vore på den tida.

KOMMUNALE SKALDEKVAD: Han har hatt hjelp av mange, mellom andre skalden Gaute Sigmundsen som til dagleg jobbar i kommunalteknisk avdeling i Sandnes kommune. Han har skrive alle skaldekvad.

– Og så har han vore ein god sparringpartner til å diskutera med, fortel Hjalmar Arnø.

Riskaspelet starta alt for fem år sidan. Sidan har akt for akt vorte framført inntil det nå i år var eit komplett spel, og vart ein del av det offisielle jubileumsprogrammet til Sandnes sitt 150-årsjubileum.

Naturleg nok var jubileumsgeneral Kåre Særheim ein av dei

første gratulantane etter at applausen hadde gitt seg og den fleirfaldige bukkinga for publikum var over.

– Gir ikkje dette meirsmak til å halda fram?

KANSKJE, KANSKJE: – Jau, men det krev store ressursar av både folk og pengar. Me hadde ein femårsplan og har gjennomført. Akkurat nå kan eg ikkje sjå føre meg at me skal gå i gang att, men du skal aldri seia aldri, smiler Hjalmar Arnø. Sjølv sagt glad for at så store deler av lokalsamfunnet støtta opp, og dei driftige i Foreininga Riskaspelet gjorde meir for å laga dagen til ein happening. Etter framsyninga kunne du få steika pinnebrød og nytta grillen.

egil.naerland@aftenbladet.no



FORFATTARANE: Hjalmar Arnø, til venstre, har skrive Riskaspelet, medan Gaute Sigmundsen har forfatta skaldekvad. No tek dei pause.

RISKASPELET

KVA: Historisk skodespel som tek utgangspunkt i at garden Horgstad (Hogstad) var eit økonomisk sentrum på slutten av 900-talet.

STARTEN: Vikingdag på Hommersåk i 2006, seinare akt for akt i 2007, 2008 og 2009. Heile skodespelet framført for første gong i juni 2010 som ein del av Sandnes by sitt jubileumsarrangement.

KVEN: Foreininga Riskaspelet står bak. Primus motor og skribent Hjalmar Arnø. Skaldekvad av Gaute Sigmundsen.

BAKGRUNN: Olav Tryggvasson var konge i Norge på denne tida. Erling Skjalgsson frå Sola var ein av kongen sine vener. I Riskaspelet møter me Erling Skjalgsson sin ven, Sigurd. Kona hans heiter Gunhild. Saman har dei dottera Astrid.

I Riskaspelet møter vi også Sigurd sin træl, Wir. Han får etter kvart ei sentral rolle i innføringa av kristendomen i Riska.

nå er det
din tur til
å gjøre
det



Nye Buddy er en 3-seters EUV med inntil 12 mils kjørelengde og 10 års batterigaranti. Pris fra kr 144 900 eks omk. Finn din forhandler på puremobility.com. Prøvekjør norske Buddy nå!

euv electric urban vehicle

buddy
pure urban